

* Jordforvaltning

Stortinget vil **stramme opp** jordvernet og vedtek i dag eit mål om at nedbygginga av matjord skal ned i 4000 mål årleg for 2020.

Stortinget vil stramme inn jordvernmålet

Ein samla næringskomite på Stortinget vil i dag vedta å stramme inn jordvernet og innføre eit meir ambisiøst mål for jordvern.

Regjeringa gjekk i forslaget til ny jordvernstrategi inn for å vidareføre dagens mål om at om-disponeringa skal haldast under 6000 mål dyrka jord i året. Fleire parti på Stortinget kritiserte målet for å vere alt for lite ambisiøst. I eit forlik samlar nå alle partia i næringskomiteen seg for eit mål om at om-disponeringa skal ned i 4000 mål årleg innan 2020.

Saksordførar Pål Farstad frå Venstre er glad for resultatet.

– For meg var det viktig å få ein tekst som ein samla komite kan stå bak. Det har vi fått til. Det er bra, og det er bra for jordvernet at vi er litt meir ambisiøse enn måla har vore så langt, seier Farstad. Han karakteriserer innskjerpinga til 4000 mål i året slik:

– Det var det som var mogleg å få ein samla komite med på. Det er eit ganske kraftig byks. Målet kunne vore enda meir ambisiøst, men eg trur det er bra, seier han.

Krev tøffare jordvernløye

I over ti år har fleire regjeringar hatt mål om å halvere nedbyg-



JORDVERNFORLIK

«Matjord er ein viktig ressurs. Den er regjeringa også opptatt av å ta vare på.»

INGUNN FOSS
LANDBRUKSPOLITISK TALSPERSON FOR
HØYRE

ginga av dyrka jord. Målet blei første gong nadd i 2013, då 5620 mål dyrka jord blei om-disponert.

I fjor auka derimot nedbygginga til 5710 mål, ifølgje dei endelige tala. Framlegget til regjeringa om eit mål på 6000 mål i året fekk kraftig kritikk av blant andre KrF.

– Eg kalla målet til regjeringa bakstevensk. Det står eg ved når nedbygginga er lågare enn målet. Vi treng å stramme inn målet og bygge smartare og tettare, seier Lise Henriette Hjemdal (KrF). Ho kallar vedtaket historisk.

– Det er ein historisk dag når ein samla næringskomite går inn for å om-disponere mindre dyrka jord. Det er eit viktig steg for framtida. Matjorda skal vi bruke til å dyrke mat på, seier Hjemdal. Senterpartiet har før gått inn for eit mål om ei ny halvering til 3000 mål i året. Leiara i næringskomiteen, Geir Pollestad (Sp), legg vekt på at regjeringa nå blir nøyd til å følgje opp vedtaket.

– Dette betyr at regjeringa må leggje om kursen i jordvernsaker. Det må bli ei langt tøffare linje, seier han.

Knut Storberget (Ap) seier 4000 mål òg var det stortingsgruppa til Ap gjekk inn for. Han er glad for at vedtaket i Stortinget vil binde opp regjeringa.

– Vi opplever at regjeringa er mindre ambisiøs enn Stortinget på jordvern. Det er veldig flott at alle partia har klart å samle seg. Dermed sikrar vi oss at regjeringa må gjennomføre, seier han.

– Lever godt med resultatet

Regjeringspartia seier seg òg glad for resultatet.

– Eg er veldig glad for at vi har blitt einige. Matjord er ein viktig ressurs. Den er regjeringa også opptatt av å ta vare på, seier landbrukspolitisk talsperson, Ingunn Foss i Høyre.

– Målet er meir ambisiøst enn regjeringa ønskte?

Fakta

Jordvernstrategi

* På initiativ frå Stortinget la regjeringa i mai fram eit forslag til nasjonal jordvernstrategi. Der blir målet om at nedbygginga av dyrka jord ikkje skal overstige 6000 mål pr år foreslått vidareført.

* I fjor blei 5710 mål dyrka jord, eit areal større enn 800 fullskala fotballbanar, om-disponert til andre formål. Norge er blant landa i Vesten med minst jordbruksareal. Under 3% av landet er jordbruksjord.

* Det er lagra meir karbon i matjord enn i atmosfæren og vegetasjonen samla. Samtidig forsvinn det 50.000 km² matjord årleg globalt, derav 2640 mål per døgn berre i Europa, medan folketallet aukar.

– Ja, det var det ein samla komite kom fram til. Resultatet trykker eg blei bra. Næringa treng føle seg trygge og gode rammevilkår, seier han.

Foss peiker på at under tre prosent av landarealet er dyrka jord. Ho seier det skal satsast på meir kompetanse og betre planprosessar for å styrke jordvernet.

– Så langt det lar seg gjere må vi ta vare på matjorda, seier ho.

Morten Ørsal Johansen (FrP)

seier forliket er til å leve med.

– Målet blir noko meir ambisiøst, men det var om å gjere å få til eit breitt forlik. Alle er einige om at matjord er ein knapp ressurs som vi må ta vare på. Vi skal ha fram å ha norsk matproduksjon. Då må vi ta vare på matjorda, seier Johansen, som avviser at regjeringa med vedtaket blir instruert av Stortinget.

– Nei, det vil eg ikkje seie. Det blir gjort instrammingar, men det trur eg regjeringa lever veldig godt med, seier han.

BJARNE BEKKEHEIM AASE

bjarne.aase@nationen.no



Jordvernforlik: Næringskomiteen på Stortinget er einige om å stramme inn Storberget (Ap), Pål Farstad (V) og Geir Pollestad (Sp).

NHO åttvarar mo

NHO tar til orde for å mjuke opp jordvernet rundt byar og åttvarar mot at «for rigide jordvernkrav» kan føre til dyrare og dårlegare samferdselsløyningar.

I eit brev til næringskomiteen på Stortinget skriv Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) at den venta folkeveksten vil føre til eit betydeleg behov for bustad- og infrastrukturutvikling. Dei viser til at mange byar opplever press-utfordringar og at det er behov for utbyggingsområde nær bykjerna.

NHO åttvarar derfor mot å stramme inn jordvernet for mjuke. «(...) etter vår vurdering bør ikkje jordvernet vere for rigid slik at man får unødige byspredning og økt transport som resultat. For næringslivet er det avgjerende med velfungerende transporthystemer som sørgjer



Jordvernmålet og gå frå ei årleg omdisponering av 6000 til 4000 mål dyrka jord innan 2020. Frå venstre: Line Henriette Hjemdal (KrF), Ingunn Foss (H), Morten Ørsal Johansen (FrP) Knut

FOTO: KETIL BLOM HAUGSTULEN

å stille for strenge krav om jordvern

for at folk kommer seg til arbeid til rett tid og at varer og tjenester kommer frem til kundene til av-
talt tid», skriv direktør Ingebjørg Harto i NHO.

Vil ha bedre samordning

NHO viser i brevet til at omdispo-
neringa av dyrka mark har vore
fallande dei siste åra og at regje-
ringa i jordvernstrategien skriv at
det blir utfordrande å halde fram
med eit slik lågt årleg nivå på om-
disponeringa framover.

NHO skriv vidare at Norge
fram mot 2040 kan ha så mange
som sju millionar innbyggjarar i

landet og at 85 prosent av folke-
veksten frå 1970 og fram til i dag
har kome i dei 20 største arbeids-
marknadsregionane.

For å redusere presset på jord-
bruksareal seier NHO at det er
heilt nødvendig å sjå bustadbyg-
ging, infrastruktur og samferdsel
i samanheng.

«Knutepunktforretting er en
del av dette. Utvikling av de så-
kalte Byutviklingsavtaler og by-
miljøavtaler mener vi vil være et
viktig grep i denne sammenheng
og vil kunne bidra til at areal og
transportplanlegging ses mer i
sammenheng», skriv NHO.

Fakta Jordvernforliket

- * **Ein samla næringskomite** på Stortinget leverer i dag ei innstilling der dei går inn for å fastsetje det årlege målet for omdisponering av dyrka mark til 4000 mål, der regjeringa blir beden om å sørge for at målet blir gradvis nådd innan 2020.
- * **Stortinget ber regjeringa** om å:
- * **Legge fram positive verktøymiddel** for kommunar som vil gjere det enklare å unngå utbygging av dyrka mark i revidert nasjonalbudsjett for 2016.
- * **Etablere eit skulerings- og tiltaksprogram** for lokalpolitikarar i løpet av 2016.
- * **Gjere ut** om fylkeskommunen bør få større

- rolle i planarbeidet knytt til jordvern.
- * **Vurdere utvida meldeplikt** for kommunane til fylkesmannen ved omdisponering og kome med eige forslag i løpet av 2016.
- * **Vurdere forsterking** av verneheimlane i jordlova.
- * **Gjere ut endringar** i lovgevinga som vil avgrense og sikre openheit om opsjonsavtarar om kjøp av dyrka og dyrkbar jord for utbygging.
- * **Fremje forslag** i regelverket slik at jordlova gjeld for omdisponert dyrka mark inntil den dyrka marka faktisk er bygd ned.
- * **Kome med forslag** i løpet av 2016 for å auke nydyrkinga.

NHO trekkjer òg fram at ei
regional tilnærming til areal-
disponeringa vil vere betre enn
at kvar kommune skal behandle
spørsmålet isolert, og viser til
den pågåande kommunerefor-
men.

«Større kommuner og gjen-
nomføring av kommunerefor-
men vil dermed kunne bidra til
at disse perspektivene vurderes
mer helhetlig enn i dagens frag-
menterte kommunestruktur»,
står det i brevet.

Åtvarar mot rigide krav

NHO ber Stortinget om føreta ei
viss oppmjuking av jordvernet.

«Uansett må det sikres gode
rammer for omdisponeringer og
kreve en viss fornuftig oppmju-
king av jordvernet», skriv NHO,
som viser til at folkeveksten vil
legge press på jordbruksarealet

øg med tanke på bygging av trans-
portkorridorar.

«For rigide jordvernkrav kan
også medføre at det ved utbyg-
ging av viktige transportårer vel-
ges traseer som har større omvei-
er, ev. kombinert med løsnin-
ger med lengre tunneler, mv. Slike
valg vil både kunne gjøre samfer-
delsprosjektene mer tidkrevende
og dyrere enn nødvendig», skriv
NHO, som oppfordrer nærings-
komiteen til å vurdere innspela i
behandlinga av jordvernstrategi-
en for å «unngå at regjningen kas-
tes over til andre», som det står i
brevet.

JORDVERNINNSPEL

«Etter vår vurdering
bør ikke jordvernet
være for rigid.»

NHO I BREV TIL NÆRINGSKOMITEEN PÅ
STORTINGET